



# Trofjellstigen



NORSK

## Nokre fakta før du starter:

- Lengde 3 km
- Gåtid ca 1 time
- Kulturløype med 12 postar langs stien
- Grillplass oppe på Timmeråsen
- Gjestebok og kikkert på toppen med flott utsikt.



# POST 1.

## Blåbær


På stien vidare finn du mykje blåbærlyng. Sjølve bæret har til alle tider vore utnytta av Åmli-folk. Det er eigentleg svart med eit blått voksaiktig overtrekk. Nokre planter lagar ikkje dette vokslaget, og då sa dei gamle at der hadde ormen slikka.

Born som gjette i skogen før fekk ofte sørgeleg lite niste med seg. Dette fortel ei gamal Åmli-herme om: "Ein leiv og ein brett (om flatbrød) det er hjuringens rett, men når blåbæra kjem vert det bare ein brett."

I dei arbeidslause 1920 og -30 åra blei det plukka store mengder blåbær for eksport til England. Plukke-feberen gjekk så langt at i 1933 bestemte Aust-Agder bærlag - som då var ein av dei største i Europa - at det bare var lov å plukke på fredagar og måndagar. I fleire kretsar i Åmli blei det sett opp ei sylvskei til beste plukkaren i sesongen.

Bæra blei sendt i 5-liters korger. Desse blei laga av spon som var høvla av osp. Fleire småsagbruk og snekkarar i Åmli laga seg ekstra inntekt av denne tilverkinga.

I tillegg til desse arbeidsplassane kom kontrollørar og lokale oppkjøparar. Blåbæra vart såleis grunnlaget for fleire årsverk.



## POST 2.

### Furu

Dette treet har utan tvil vore det viktigaste råstoffet for menneska i Åmli frå oldtid og fram til i dag. Til husbygging var dette einaste treet som dugde. Ved rett val av tømmer kunne huset stå i fleire hundre år.

I dei eldste tider blei nær sagt alt på treet utnytta. Av rottægene blei det fletta korger. Nye skot på greinene innehold mykje C-vitamin og blei brukt mot skjørbusk om våren. Det gule blomsterstøvet blei brukt som barnepudder. Indre del av borken blei malen og brukta til borkebrød. Av tyri-("tøre")veden kunne ein lage faklar ("skundor") og lysstikker inne, eller brenne ut tjøra til impregnering.

Toll er eit gammalt namn på furu som ennå kan høyrast i Åmli-dialekten t.d. om baret (toll-bar).

Sal av tømmer starta på 1600-talet då kysten vart uthoggen. Til skipsmaster var innlandsfurua best, då ho hadde lite kvist.

I eit par hundre år blei Åmli-bøndene pålagt å levere furu til kolbrenning for jarnverka på Nes og Froland.

Men særleg lønsamt var desse fyrste trelasthandlane ikkje. Det er først etter 1870-åra det vart økonomisk vekst i skogbruket.

Namn i Åmli etter treet er t.d. Forland og Furulund.

Åmli er den kommunen på Agder som leverer mest furutømmer.




## **POST 3.**

### **Røsslyng**

**Dei fleste i Åmli vil vel bare kalle denne planta for lyng. Nitimen i NRK har valt røsslyngen til Noregs nasjonalplante. Sjølv sagt har ei så dominerande plante vore utnytta av dei som var før oss. Den fine, unge lyngen blei brukt til dyrefor. Den grove, gamle til feiekostar og som ved under bakstehella. Som strø var røsslyngen velegna til å suge opp fukt i stovehus og uthus.**

**Blomane er rike på nektar og lyngtrekket til biene har henta tonnevis av honning ut av Åmli-skogane. På 1970-talet var Åmli kommune ein av dei største honningprodusentane i landet, med om lag 2.500 bikubar.**



247

## POST 4.

### Milepælar i sentrumssoga

Åmli - av treet alm (gamalt: Åm). Var truleg namn på garden som etterkvart blei prestegarden, så namnet på prestegjeldet, og til slutt kommunenamn i 1837.

Steinalder: 2 funn frå Riisland (holøksar).

Eldre jernalder: 1 funn frå Riisland

Yngre jernalder: 1 funn frå Riisland

Den eldste, faste busetjinga er den øverste, p.g.a. minst nattefrost. Rideveg.

Kyrkje under lia truleg slutten av 1100-talet.

Kyrkje under lia fram til 1822.

Runestone (nå borte) og pergamentskrift (Riksarkivet) er minne frå den fyrste tida.

Kyrkje under lia ferdig 1826.

Kyrkje ferdig 1885, der den er nå. Brann ned 1907.

Kyrkje, noverande frå 1908.

Fyrste fastskule 1847 (Børtinghus).

Fyrste køyreveg til Arendal 1847-54 nede ved elva.

Bygningsboom langs vegen 1870-1905.

Fyrste kommunelokal 1871 (Klokkargarden).

Fyrste aldersheim 1903.

Fyrste bil gjennom Åmli 1905.

Jernbane 1910 (nedl. 1967).

Rikstelefon 1916.

Åmfoss bru 1918.

Elektrisk straum 1921.

Andre kommunelokal (Elvarheim) 1925.

Idrettsplassen 1950.

Åmli statsrealskule 1956.

Åmli skule 1963.

Åmli kraftverk 1983. Steinmasse til Hunsefet, grunn til frilufts- og næringsområde etablert.

Åmlihallen 1992.

Åmli sentrum oppussa m/steinsetjing av gater. Park. Friluftsområde v/Hunsefet. 1998

## POST 5.

### Timmeråsen

Du står nå midt på Timmeråsen. Opphavleg hørde dette området til Engenes-gardane og blei snauhogge siste gong i 1917. Etter å ha vore på handel eit par gonger etterpå (Lars Andersen, Thomas Andersen) er det nå ein del av det kommunale friområdet.

Mot vest reiser Trogfjell seg. Namnet kjem etter segnet om trollkjerringa som aka nedfor bratthenget i eit bakstetrog.

Den blanke fjellsida er eit minne frå skuringa då isen trekte seg attende for om lag 10.000 år sidan.

Breitoen er vegetasjonsbeltet som går frå Timmeråsen på skrå mot høgre til toppen av Trogfjell. På grunn av mineralrik lausmasse frå frostsprenging, og plasseringa som solfangar mot sør, er dette eit rikt botanisk felt, særleg om våren.  
Over 80 ulike karplanter er registrert her.

Kantkonvall er der mykje av i Breitoen.



## POST 6.

### Fridomssteinen

Fyrst på 1950-talet kom tanken om å gjere Timmeråsen/Trogfjell lettare tilgjengeleg. Trappetrinn blei lagt der stien var bratt, jarnpålar med ståltau kom opp i dei brattaste partia, steinbru er blei lagt over bekken frå Stemmetjørn og benkar og bord kom etter kvart ved Fløyen.

Steinen ved denne posten er hogge ut av Lars Olaf Jørgensen. Relieffet skal førestille kong Håkon 7. Elles er krigsåra 1914-18 og 1940-45 hogge inn.

I flata på framsida er initialane hogge inn til føregangsmennene for arbeidet nemnt ovanfor. Dette blei gjort i 1953.

*O. J. = Olaf Jørgensen  
J. L. = John Lauvland  
O. F. = Ole Fagerli  
M. H. = Martin Hove  
E. O. = Eyvind Oland  
K. Ø. = Knut Øy*

## POST 7.

### Hitlersteinen

Uthogginga av denne steinen var opphavleg eit prøveprosjekt av Olaf Jørgensen for forrige stein. Av ein eller annan grunn blei det likevel ein tradisjon å kalle dette biletet for Hitler, kanskje fordi det ikkje var så fint utforma som den andre steinen. Uansett etablerte det seg fort ein tradisjon blant ungar å spytte på "Hitler-steinen". Denne tradisjonen har halde seg heilt til nå.

## POST 8.


### Rome

I myrdraget her veks ei gul lilje som heiter rome.  
Denne er kanskje ikkje så kjend for alle, så me  
har med ei teikning på posten.

På Åmli-dialekt heiter planta ljå-gras. Ser du på  
blada som står i rosett ved grunnen, skjønar du  
årsaken til dette lokalnamnet.

Saue-eigarane i Åmli er ikkje glad i denne planta.  
Einskilde år kan ho vere så giftig at særleg kvite  
lam som har ete ho, får ein sjukdom som heiter alv-  
eld. Dei tåler då ikkje sollys, får utslett og kan i  
verste fall bli blinde og døy.

Går du her til ulike årstider, vil du sjå korleis  
romen er med på å prege fargen på myra.  
Under bløminga på høgsommaren er fargen  
gylen gul. Etter kvart som fruktene blir mogne,  
går fargen over i raudt. Dei stive stenglane  
grånar etter kvart, og om vinteren og på  
vårparten er det eit trolsk, gråaktig skjær over  
romemyra.



## POST 9.

### Einer

**Knapt noko tre har frå gammalt vore utnytta til så mange ulike føremål som eineren. Nokre kallar han og for brisk.**

**Veden står seg godt mot rote, så pålar og staur av einer kunne stå i jorda i mange år.**

**Greinene er seige og kan bøygast til mangt eit bruk. Eit gammalt døme er hegda. Dette var ei energrein (andre treslag kunne og brukast) bøygd til ein ring (måtte varmast opp) med begge endane stikkande ut. Tau blei knytta inn i hegda, trukke rundt den børa som tauet skulle halde saman, og så tilbake til hegda, der det blei kraftig stramma. Hegd med bærtau var den vanlegaste transportreiskapen i gamle dagar, likeeins hegda til samantrekking av høystakkar og høylass.**

**Veden gir frå seg frisk smak og passa til kar med mjølk og øl i.**


**For å få frisk lukt i huset strødde ein hakka einer på golvet til høgtidene.**

**Einerlag - vatn koka på einerbar - passa til alt frå hårvask til ølbrygging.**

**Røyking av kjøt og fisk blir best med einer.**

**Som krydder, t.d. i viltsaus, er dei 2 år gamle, blå "bæra" fine. Dei grøne, 1 år gamle, har for mykje terpentin i seg.**

**Over 50 bruksmåtar er registrert for einer.**



## **POST 10.**

### **Telefonreflektor**

Telefonen kom til Noreg i 1880. Alt i 1890-åra var det private telefonselskap i Åmli. Tvedestrand telefonselskap hadde liner over Simonstad til Åmli. Via Dølemo og hit til sentrum gjekk linene til Arendal telefonselskap. Gjøvdal telefonselskap hadde talestasjon i huset "Borgen" i Nergardskleiva.

**I 1916 kom den fyrste sentralen til Nergarden, som Åmli sentrum blei kalla då. Telegrafverket hadde nå overtatt med rikstelefondnett. Etter å ha bytta tilhaldsplass nokre få gonger, blei den manuelle sentralen lagt ned 29.1.1981. Automatiseringa overtok.**

**Når du ringer frå Åmli sentrum i dag, skjer dette slik: Frå din telefon går signala i jordkabel til sendaren ved Stasjonsparken, gjennom lufta til denne reflektoren, vidare til Hovdefjell, så til Vakttårnheia i Arendal og på ny i kabel til ein koblingssentral som kan setje deg i samband med kvar som helst i verda.**

## POST 11.

### Stemmetjønnbekken

Denne bekken kjem frå Stemmetjønna, kastar seg utfor Trogfjell og renn ut i Engenestjønna, då med namnet Holbekk.

Stemmetjønn-namnet går att mange plassar i Åmli. Her me nå står ser me tydeleg at det ikkje kan vere fløyting frå denne staden som er årsaka til oppstemminga. Det er for å skaffe kunstig flomvatn lenger borte inngrepet er gjort. Slik terrenget er her, må det vere til kvern eller sag i dalbotnen vatnet blei brukt, og ennå lever folk (1995) som hugsar den siste kverna (mølla).

**På dei glattskurde fjella på andre sida av tjørna var det tradisjon i mange år å feire St. Hans. Likedan var det vanleg å samle seg der i påska før. Bålrenning, avslappa soling på barsenger, bygging av små hoppbakkar og lange utførrensler samla mykje folk på fine dagar.**

## POST 12A.

### Fløyen

**Denne vindpila kom i 1924. Grunnen var at ein skulle kunne sjå hovud vindretninga frå bygda, særleg på skyfrie dagar. Dette var viktig i ei tid utan værmeldigsteneste. (NRK kom i 1933) Austavêr gir ofte nedbør i Åmli, mens ved vestavêr ligg me i regnskyggen, og får ofte fint vêr.**

Sentralt i dette arbeidet var Edvin Johansson og Bernt G. Sandnes.

**Sistnemnde var blikkenslager og laga pila. Harald Lauvland, som var med å bar ho opp, hugsar det var svært tungt då vindpila er innlagt med bly for stabilisering.**

## POST 12B.

### Trogfjell i litteraturen

Åmli-diktaren Engvald Bakkan (1897-1982) har i sitt hovudverk "Krossen er din" ei skildring frå toppen av Trogfjell. Det er Inger Mjaavasstøyl og Gonil Vehus som er her om lag år 1700. Dagen før hadde gravferda vore til Herbør, syster til Inger.

**Utdrag frå boka finn du på baksida av heftet.**

Merknad: For å finne fyrste steinhaugen som her er omtala, må du gå eit stykke nord/austover herifrå langs fjellryggen.

Ordtydingar:

På skjal = på moro eller på vitjing

Skeifole = unghest på kappritt

Han brune = bjørnen

— Hjelpe meg. Tvørs yve åna og alt. Mest ei hall mil? Gonil tok ein Stein og hivde av all makt. Steinen datt ned straks nedunder svaberget. Her æ kje så spræke jentor lenger i Amlí.

— Dei kåm bort den sondagjen dei ga seg te blåse på hønn de bele presten sto på stolen. Han tolde kje folk gjekk ut høyrdé på jenton og kje på han. Så støytté han dei ne i stein te domedag.

— Men de va nå ein ven slått! Eg høyrdé spelmanen spela den i brølløpe på Tviland ifjor. Inger tok ein Stein i røysa, slengde opp i lufta, tok han att.

— Eg tru kje eg ha, sa ho.

— Hække?

— Blåse, mein eg, når de va preken og salmesong og alt slukt.

— De ha egl Gonil nikka ivrig, ha han site inne høyrt på hr. Herman i staen for å fygje meg på Trogfjell, så ha eg blåse så kjørkja ha rynal Tenk, høyre på hr. Hermann! Jentene lo litt. Så hugsa dei på likferda igår, og gjekk stilt heim.

Dagen etter var det sundag. Inger og Gonil gjekk ein sving aust på Trogfjell. Inger hadde vore der før mang ei vende. Herbør lika så godt site der oppå sjå utover, slik i helgja om sommaren når ho ikkje var til kyrkje.

— Nå reiser me på skjall! sa ho jamt når det gjekk den turen ein fin sundag.

Og det var skjall! Først såg dei beint ned i kyrkjebrygda, alle gardane der. I Negarden var det greie folk, sa Herbør. Og På Øvre Børtinghus, Høgevoll dei kallar. Men på Risland sit ein ulleg ein, tru om ikkje han kjem til å kome bort*i* ikke noke gale ei gong? Anna Børtinghus? ho er ikkje seg sjøl etter mannen reiste i krigen, hadde Herbør sagt. Og der ser du kyrkja og prestegarden, kjenner du deg att herafrå? Herbør hadde vore første gongga til alters for gamle presten, hän var snillare en Mr. Herman, det skal ikkje så mykje til det, men Kyrkjegarden ser du ikkje stort til bakom tretoppane. Der ligg dei gamle. Herbør hadde fortalt om dei, koss dei var den tid dei levde og kvaslag avferd dei fekk. Some fraus ute og some strauk